

HØYRINGSFRÅSEGN KONVERTERINGSTERAPI, av Vidar Sætre, Åstveitveien 3, 5106 Øvre Ervik.

Eg har følgjande kommentarar:

1. Ordet konverteringsterapi er eit begrep som lett kan misforståast. For begrepet 'konvertering' handlar om å gå frå eitt trussamfunn til eit anna. Og det er ein samanheng mellom 'konvertering' og 'omvending', fordi da sista handlar om å gå frå ei personleg tru til ei anna, mest brukt om å gå frå ei gudstru til ei anna.

Men terapi og religiøs tru er vanlegvis to ulike ting. For terapi er noko ein må ha relevant fagutdanning for å kunna praktisera, og i Noreg er terapirommet sekulært, dvs at terapeuten ikkje kan be ei bøn høgt for den ein driv terapi overfor, eller på nåkon annan måte driva religiøs forkynning/hjelp overfor klienten sin.

Difor er 'konverteringsterapi' eit uheldig begrep, fordi det byggjer på ei samanblanding av sekulær terapi og ønskje om hjelp basert på ei gudstru. Her trengst meir presise begrep, som t.d. 'terapi med mål om å endra seksuell identitet' eller 'terapi med mål om å endra kjønnsidentitet'.

Og det må presiserast at ei lov som her er føreslått, kun skal gjelda i sekulære samanhengar, fordi terapi i norsk samanheng - som poengert i avsnittet ovanfor, er ikkje-religiøs. Men i fall ein i ei slik lov også inkluderer religiøst basert hjelp eller private bønner om hjelp utanom ein organisatorisk kanal, grip ein veldig sterkt inn i folk sine privatliv.

For i religiøse samlingar, som i alle familiære og frivillige samanhengar, og i mange offentlege samlingar med, pleier det vera stort rom for privat mingling – og da vil krevja svært omfattande overvaking for å kunna kontrollera kva folk på denne måten driv på med overfor kvarandre.

Og i teknytning te organiserte møte kan enkeltpersonar sjølv sagt kunna avtala å møtast privat, og viss styresmakta skal overvaka kva folk driv på med privat, har styresmakta vorte ganske totalitær – og den har sjølv sagt heller ikkje kapasitet til å utøva ein slik kontroll.

2. Vidare må den typen hjelp som denne saka handlar om – når det gjeld myndige personar, vera basert på friviljugt ønskje om å få hjelp, og der den hjelpesøkjande sjølv må ha rett til å hevda kva vedkomande ønskjer hjelp til. Å setja grenser for kva myndige personar kan tillata seg å be om hjelp til, er difor i utgangspunktet eit overgrep i folk sin personlege fridom.

3. Samtidig må terapeutar kunna tillata seg å avvisa klientar sine ønskemål. For ein terapeut må kunna utøva sitt profesjonelle skjøn utan at klienten kan diktera terapeuten si profesjonsutøving.

4. Litt om tematikken som da her e føreslått å forby; å forby visse former for påverknad for å få folk som identifiserer seg som homofile te å istaden identifisera seg som heteorofile, eller å folk te endra sin kjønnsidentitet.

For når me snakkar om identitet, snakkar me om kva eit menneskje djupast sett e. Men etter mitt skjønn e detta eigentleg ei abstrakt problemstilling. For om enn me på ein forholdsvis objektiv måte kan måla folk sine fysiske eigenskapar, som høgd, vekt, livmål og andre mål, farge på hår, augo eller andre biologiske eller fysiske karakteristika – og slike endrar seg som kjend med alderen, meina eg ikkje nån menneskje ut frå slike ting på ein enkel måte kan setja ord på personar sin identitet.

Og å gjera opplevingane av seksuell draging mot andre personar, te djupaste kriterium for si sjølvforståing, bidrar te å opphøgja seksualdrifta te å vera da viktigaste i personlegdomen. Men slik blir samfunnet endå meir seksualisert, og bidrar te å ringeakta personar som ikkje har seksuell aktivitet med andre.

Og da e kun befruktning av mannleg sæd i eit kvinne-egg som fører til born, og difor kan ikkje samkjønna seksualitet gje born. Samtidig vil mange samkjønna par ha born, og slike må difor ut på marknaden for å få seg anten sæd eller egg, for å kunna få born som i alle fall ein av desse e far eller mot te. Men å opna for å gjera produksjon av born te ei handelsvara, inneber å kommersialisera nån som absolutt bør vera ei ikkje-kommersiell 'næring'.

5. Kva e dokumentert av skadelege verknader av påverkad for å få folk til å endra si seksuelle orientering frå homofil te heteorofil, eller for å få folk te å endra syn på kva kjønn ein er/har? Minister Anette Trettebergstuen har hevda, viss eg har forstått henne rett, at da e vel dokumentert at slik påverknad e skadeleg. No manglar eg øvesyn øve kva forskningsresultat som føreligg her, men vil i alle fall påpeika at slike påstandar må vera godt kvalitetssikra for å kunna danna grunnlag for eit slikt forbod som her er føreslått.

I mine augo e da i alle fall svært tvilsamt at påverknad te å kunna føla seg meir i samsvar med sunn biologi om både seksualdrifta og kjønnsopplevinga, skal kriminaliserast. Slikt bør difor istaden oppmuntrast.